

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 6-2016
Tid: Fredag 2. september kl. 09:00 - 15:30
Stad: Kjelstraumen Vertshus, Austrheim

Til stades:

Ordførar:	Karstein Totland, Jon Askeland, Hallvard Oppedal, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes, Tom Kristian Thorsen, Jarle Skeidsvoll
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Ingebjørg Vamråk, Jostein Førre, Svein Helge Hofslundsengen, Jan Olav Osen, Ørjan Raknes Forthun
NUI:	Rune Heradstveit og Bent Gunnar Næss
Andre:	
Forfall:	Reidun Halland, Ingvild Hjelmtveit, Jarle Landås

Sak 46/16	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 47/16	Godkjenning, protokoll møte 5-2016 Møteprotokoll frå møte 5-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 48/16	<p>Skulebruksplan 2017-2030 Tida frå kl. 09:00-11:00 var sett av til utvida møte om vidaregåande opplæringa i Nordhordland. Her møte i tillegg til Regionrådet representantar frå spesielt næringslivet i Austrheim og Gulen og frå Austrheim VGS og NHIL.</p> <p>Regionrådet i Nordhordland hadde invitert til dialogmøte om den vidaregåande opplæringa i Nordhordland fram mot 2030. Bakgrunnen var Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til skulebruksplan for perioden 2017-2030, der det mellom anna vert foreslått å leggja ned Austrheim vidaregåande skule og å flytta vidaregåande studietilbod frå Knarvik vidaregåande skule til skular i Bergen.</p> <p>Hovudtema på dialogmøtet var forslaget om å leggja ned Austrheim vidaregåande skule og verknadane dette kan ha for samfunns- og næringsutviklinga i regionen, men det vart også fokus på kva vidaregåande studietilbod regionen totalt sett må ha for at Nordhordland skal få ei positiv og berekraftig samfunnsutvikling i perioden.</p> <p>Fylkesrådmannen har no i slutten av august lagt fram eit revidert forslag til skulebruksplan for 2017-2030 med bakgrunn i dei høyringssvara som har kome inn. Forslaget om å legge ned Austrheim VGS er primærvalet. Alternativet er at det vert bygd ny skule ved Austrheim VGS for 300 elevar og at Knarvik VGS vert redusert med tilsvarende elevplassar frå 2020.</p> <p>Agenda i møtet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Velkomen og innleiing ved regionrådsleiar Karstein Totland. 2. Orientering om dagens status ved Austrheim vidaregåande skule ved rektor Kjersti Haugland. 3. Hordalandsavtalen og kva kan denne bety for utviklinga i Gulen og Solund ved ordførar Halvard Oppedal og rådgjevar Sidsel Larsen. 4. Kva betyr dei vidaregåande skulane i Nordhordland for næringslivet i regionen? Her vil ein særleg leggja vekt på kva ei nedlegging av Austrheim vidaregåande skule og ein reduksjon av tilboda ved

	<p>Knarvik vidaregåande skule vil bety for næringslivet. Dette emnet vil bli dekket av 3 til 4 sentrale næringslivsleiarar i regionen.</p> <ol style="list-style-type: none"> 5. Presentasjon av moglegheitsstudie for ein ny vidaregåande skule i nordre del av Nordhordland ved Link Arkitektur. 6. Ordet er fritt ved regionrådsleiar Karstein Totland. 7. Oppsummering og avslutning ved regionrådsleiar Karstein Totland. <p>Det var eintydige signal frå næringslivet som sa følgjande om Austrheim VGS og betydning for utviklinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Avgjerande for å sikra lærlingar til verksemdene og dermed rekruttering ▪ Næringslivet er i omstilling og til det trengs det kloke hovud og til det treng ein skulen ▪ For å få folk til å busetja seg i distrikta, så er ein avhengig av ein vidaregåande skule som gjer at ungdommen kan bu heime til dei er ferdige med vidaregåande. Utan dette alternativet vil det vera vanskeleg å få folk til å flytta ut i distrikta. Det vil gjera det spesielt vanskeleg å rekruttera arbeidskraft til verksemdar i Gulen. <p>Frå andre vart følgjande understreka:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Avtalen med Sogn og Fjordane ligg fast om at elevar i Gulen og Solund kan gå på Austrheim VGS. Det er difor ikkje nokon grunn til at Hordaland skal sjå vekk frå denne. ▪ Ikkje alle elevar kan, av ulike årsaker, bu på hybel når dei skal byrja på vidaregåande. Alternativet kan då vera at heile familien må flytta. ▪ Det at ein bur heime når ein går på vidaregåande gjer at sjansen for at ein vil busetja seg der er langt større enn om ein flyttar på hybel i den alderen. ▪ Det vart også uttrykt stor frustrasjon for at reduksjon i elevplassar skal skje i Nordhordland når det er i Bergen det er overkapasitet. Nordhordland har bruk for dei elevplassane som er. ▪ Me må heller ikkje akseptera fylkesrådmann sitt utspel om å setja dei to vidaregåande skulane opp mot kvarandre. <p>Etter at det opne møtet vart avslutta diskuterte Regionrådet saka. Det vart understreka følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje akseptabelt at Knarvik VGS og Austrheim VGS vert sett opp mot kvarandre • Begge skulane er viktige og avgjerande for utviklinga av regionen • Det må jobbast bredt politisk for å sikra at Austrheim VGS får ei varig løysing. For å få til det, må arbeidet med å byggja ny skule koma i gong. • Regionen har eit elevgrunnlag som tilseier at ein skal ha desse to skulane. • Dei to skulane er heilt avgjerande for busetnad og utviklinga av næringslivet. • Ein bør bli endå flinkare til å kopla næringslivet endå tettare på dei to vidaregåande skulane. <p>Vedtak: Regionrådet står samla bak kravet om å ha to skular i Nordhordland, omlag 300 elevar i Austrheim og ca. 1000 elevar i Knarvik. Dette vil vera i tråd med elevgrunnlaget i Nordhordland, i forhold til balansert pendling inn og ut av regionen og i forhold til framtidig utvikling og vekst i regionen. Regionrådet ber om at Utval for kultur, omdømme og kunnskap saman med NUI jobbar fram eit skriv om dette.</p>
<p>Sak 49/16</p>	<p>Lokalmatsatsinga «Smaken av Nordhordland». Saka vart utsett til neste møte.</p>
<p>Sak 50/16</p>	<p>Status prosjekt Region Nordhordland Helsehus. Ørjan Raknes Forthun orienterte om at vedtak om samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy («Den nye kommunen») medfører endra arealbehov for nokre av dei kommunale tenestene i Helsehuset. Kommunane er samde om at det skal leggest til rette for meir areal m.a. til barnevern og PPT. Tenester til barn og ungdom er eitt av fyrtårna i huset og det vil vera viktig å få samla tenestene til denne gruppa. Areal avsett til kontorfunksjonar (forvaltningskontor, tenester til funksjonshemma, helseadministrasjon og dei 14 kommunale døgnplassane blir frigjort til endra arealbehov for barnevern og PPT. Det vert ikkje gjort endringar når det gjeld ØHD. Vidare må det vurderast om det må gjerast endringar på areal til helsestasjon og psykisk helse/rus. Det kan bli behov for mindre justeringar for desse tenestene.</p> <p>Rune Heradstveit understreka at dette medfører ein ny ekstra runde for prosjektet då ein må sjå på deler av skisseprosjektet på nytt. Dette betyr og utviding av kontraktane. I utgangspunktet isolerer ein endringane til det arealet som Lindås kommune skal leige. Rune Heradstveit understreka også at prosessen med moglegheitsstudie (nabotomta – tilkomst og parkering) og grensesnittprosjektet som ser på korleis områdeplanen legg føringar for helsehusprosjektet tek tid då det er komplisert.</p>

	<p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 51/16	<p>Nærpolitireforma Astrid Aarhus Byrknes oppsummerte frå møtet Vest politidistrikt gjennomførte i Førde 24. august. Møtet vart gjennomført med ein god prosess med gruppearbeid og gode problemstillingar, og det var gode høve til å koma med innspel.</p> <p>Jarle Skeidsvoll hadde kort gjennomgang om Osterøy sin plass i denne prosessen og korleis dei hadde jobba fram til no. Dei samarbeider her med kommunane Vaksdal, Samnanger, Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord og Kvam.</p> <p>Skriv med innspel til reforma, vart sendt frå Regionrådet til Vest politidistrikt tysdag 30. august. Der er Regionrådet tydeleg på at vårt område er ei driftseining og ein del av leiargruppa til politimeisteren og med to tenestesteder – Knarvik og nord i regionen.</p> <p>Styringsgruppa er kalla inn til møte måndag den 5. september.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 52/16	<p>Nordhordlandspakken - utgreiing av Ringveg øst og ny E39 mot Nordhordlandsbrua. Kva no? Statens Vegvesen Region Vest la onsdag 24. august fram utgreiinga «Ringveg øst og E39 nord i Åsane». Karstein Totland, Jon Askeland og Rune Heradstveit orienterte frå dette møtet og spesielt kva som vedgår oss mest. Vegvesenet har lagt fram tre alternativ i ein korridor frå Nordhordlandsbrua til områda Hauksås / Eikås / Blindheim. Dette betyr bl.a. at Nyborgtunnelen ikkje vert bygd slik den var planlagt. Vegvesenet tilrår at alternativa vert utgreidd gjennom ein kommunedelplan og at løysingsprinsipp N1, N2 og N3 (dagline) er med i vidare formell planprosess.</p> <p>Regionrådet er opptatt av at denne kommuneplanprosessen må skje snarast råd, og ikkje bli liggande grunna prioritering av andre prosjekt. Regionrådet tar inn over seg at strekninga vert kopla til ringveg aust, men me må vera tydeleg på at vår del av denne strekninga må koma fyrst. Regionrådet vil gå i dialog med Bergen kommune ved byrådsleiar for å få til eit dialogmøte. Statleg reguleringsplan vart diskutert dersom møte med Bergen kommune ikkje ser ut til å gje ein tilfredsstillande framdrift.</p> <p>Utgreiinga: http://www.vegvesen.no/Europaveg/e39ringvegost/nyhetsarkiv/utgreiing-om-ringveg-%C3%B8st-og-e39-nord-i-%C3%A5sane-til-h%C3%B8yring</p> <p>Vedtak: Regionrådet er sær s opptatt av at arbeidet med kommunedelplan for strekninga Åsane nord – Nordhordlandsbrua vert sett i gong så snart som mogeleg, og Regionrådet vil jobba aktivt for dette bl.a. ved å ta kontakt med byrådet i Bergen for å drøfta vegen vidare.</p>
Sak 53/16	<p>Kurs om Påverkingsarbeid? Oppfylging frå Rådmannsutvalet. Det vert ofte spørsmål om korleis regionen/kommunen kan drive påverknad for sine saker overfor sentrale myndigheter. KS har utarbeida eit kurs som tek opp dette og gir oss verktøy for korleis ein kan gjere dette. Det vil bli søkt om OU midlar til kurset. Resten av kostnaden vert belasta kursdeltakarane.</p> <p>Regionrådet var positive til at NUI arrangerer eit slikt kurs i regionen.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ønskjer at NUI utarbeidar eit kurs om påverkingsarbeid som vert gjennomført denne hausten. Alle kommunane bør delta med minimum ein politikar og ein frå administrasjon.</p>
Sak 54/16	<p>Trendanalyse – sysselsetjing i Nordhordland. Bent Gunnar Næss, NUI hadde ein gjennomgang av sysselsetjinga i Nordhordland og utviklinga. http://www.nordhordland.net/sysselsetjinga-i-nordhordland.5900828-348877.html Regionrådet synest det var flott å få slike presentasjonar.</p> <p>Regionrådet er bekymra for utviklinga av arbeidsplassar i Nordhordland. I privat sektor er denne redusert med om lag 800 (7 %) sidan 2008 og fram til 2015. Den største reduksjonen er i industrien.</p>

	<p>Regionrådet er også bekymra over at andelen av befolkninga som er i arbeid av arbeidsstyrken er minkande. Det er spesielt urovekkande at andelen i arbeid for gruppa 20 – 24 år har gått så mykje ned.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til etterretning. Regionrådet ønskjer at det som kjem fram her må takast med som grunnlag i arbeidet som gjerast med omstilling og samfunnsplanar i kommunane og i regionen.</p>
	Meldingar og eventuelt
Sak 55/16	<p>Nordhordlandsting Rune Heradstveit la fram spørsmålet om eit Nordhordlandsting i haust. Spesielt er det ytra ynskje om dette frå Biosfæreprosjektet. Aktuelt tidspunkt kan vera 19. oktober då prosjekt skal vera vertskap for eit workshop for NordMAB-landa.</p> <p>Regionrådet var samde om at ein prøver å få til eit Nordhordlandsting i haust. Biosfæreprosjektet kan vera hovudtema. Det er viktig å få til eit interessant møte der ein får fram gode døme frå prosjekt t.d. i Sverige. Det er behov for å få konkretisert innhaldet i Biosfæreprosjektet– og kva dette betyr for kommunane og regionen i praksis. Fleire understreka at det bør orienterast om andre saker når ein fyrst samlar formannskapa til ting.</p> <p>For eit seinare Nordhordlandsting så kan det vera aktuelt å sjå på korleis me kan nytta Helsehuset på ein strategisk måte i regionen.</p>
	<p>Framtidig organisering av reiseliv i regionen Dersom det er ynskjeleg, kjem NUI gjerne ut til formannskap eller kommunestyre for å orientera om forslaget som ligg føre.</p>
	<p>Neste møte Neste møte i Regionrådet er planlagt fredag 30. september. Det vert vurdert å flytta dette til ettermiddag / kveld den 29. september dersom det høver for vegsjef Helge Eidsnes å koma og orientera om utgreiinga «Ringveg øst og E39 nord i Åsane»</p>

Knarvik, 22. september 2016

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS